



Gunn Kvalvågnes  
Keilevegen 97 B  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7460 - 14/25546

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
14.11.2014

## Omdisponering av dyrka jord til veiformål gbnr 124/1 Keilegavlen

### Administrativt vedtak. Saknr:

Det vert med dette gjeve løyve med heimel i jordlova § 9 til omdisponering av eit areal på litt i overkant av 130 m2 dyrka jord der føremålet er omlegging av vegkryss.

### Saksutgreiing

Gunn Kvalvågnes har søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for hyttetomtar som det er gjeve løyve til å dela frå. Løyve til avkjørsle er gjeve på vilkår av at vegkrysset vert justert/flytta litt lengre mot sør. Dette vil føra med seg at vegen vil legga beslag på ca 130 m2 jord som i dag vert nytta til eit beite som er på totalt ca 3,5 dekar. I jordregisteret ligg dette beitet inne som overflatedyrka/fulldyrka jord.



## **Lovgrunnlaget:**

### **Kommuneplanen:**

I kommuneplanen sin arealdel, ligg arealet som er omsøkt som LNF område, men ligg heilt i grensa til hyttetomtane som er utlagde.

### **Jordlova:**

#### *§ 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord*

*Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.*

*Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteresser bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drift eller miljømessige ulemper for landbrukset i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal og takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.*

*Samtykke til omdisponering kan gjevast på slike vikår som er nødvendige av omsyn til dei føremål lova skal fremja.*

*Dispensasjon fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at vedtaket er gjort.*

*Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.*

Arealet som vert søkt omdisponert er lite og ligg som ein trekant. Dette gjer at det er vanskeleg å hausta med maskiner og heller ikkje kan ein sjå at som beite, vil ei omdisponering av dette arealet redusera bruket si avkastningsevne.

### **Naturmangfaldslova §§ 8 og 9**

Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil koma i konflikt med naturkvalitetar som er i området.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Gunn Kvalvågnes

Keilevegen 97 B 5953

FONNES